

RAPPORTSKJEMA FOR EKSTERN SKULEVURDERING

GRANVIN SKULE

Granvin skule er ein kombinert skule

- Skulen har 169 elevar. Av dei er 10 afghanarar.
- Snittet pr årskull er 17 elevar, men talet varierer, t.d. har 1.klasse 10 elevar, 8.klasse 24 elevar og 9. klasse 9 elevar
- 23 tilsette er fordelt på 17,5 årsverk. SFO tilsette og vernepleiar for ein funksjonshemma elev kjem i tillegg
- Granvin er organisert som ein "to-nivåkommune", så frå 1.08.01 har rektor oppgåvene til skulesjef i forhold til denne sektoren
- Det er ein skule i Granvin kommune

1) HOVUDFOKUS FOR VURDERINGA: Tilpassa opplæring

a) DELTEMA: Elevane på ungdomstrinnet si oppleving av tilpassa opplæring

2) MÅLET MED VURDERINGA:

Skulen vil skaffa seg innsikt i korleis tilpassa opplæring fungerer

3) KRITERIE/KVALITETSKRAV:

- Eleven er aktiv i lærings situasjonen
- Eleven har innverknad på eiga læring
- Elevane har ulike/tilpassa arbeidsplanar
- Elevane arbeider med ulikt innhald
- Elevane bruker ulike læringsarenaer
- Elevane arbeider i ulikt tempo
- Elevane med særskilde behov får nødvendig hjelp
- Ressursar blir nytta fleksibelt – til beste for elevane

4) KVEN TOK DEL I VURDERINGA:

a) På skulen:

- Alle elevar på ungdomstrinnet
- Alle lærarane på ungdomstrinnet

b) Eksterne vurderingsrettleiarar:

- Jan Nyborg, Torgeir Vassnes og Gudny Fykse

5) TIDSBRUK:

a) For personalet

- Informasjonsmøte i personalet ved Turid Solberg Mykkeltvedt
- Vedtak i personalet om å ha ekstern vurdering
- Møte for å bestemme tema
- Møte mellom plangruppa og vurderingsrettleiarar 7.02.02
- Utfylling av spørjeskjema
- Intervju 11.03.02
- Framlegging av notat 12.03.02
- Presentasjon av rapport 15.05.02

b) For elevane

- Informasjon
- Utfylling av spørjeskjema
- Intervju 11.03.02

c) For rektor

- Informasjonsmøte i personalet ved Turid Solberg Mykkeltvedt
- Vedtak i personalet om å ha ekstern vurdering
- Møte for å bestemme tema
- Møte mellom plangruppa og vurderingsrettleiarar 7.02.02
- Tilrettelegging for vurderingsrettleiarane
- Møte med vurderingsrettleiarane 12.03.02

d) For vurderingsrettleiarane

- Møte mellom plangruppa og vurderingsrettleiarar 7.02.02
- Tillaging av spørjeskjema
- Innhenting og bearbeiding av spørjeskjema 7.03.02
- Tilrettelegging for intervju 10.02.03
- Intervju 11.03.02
- Utarbeiding av førebels rapport
- Framlegging av notat 12.03.02
- Presentasjon av rapport 15.04.02

6) ERFARINGAR

a) Metode

Informasjonsinnhenting

* Møteverksemd

Vurderingsgruppa hadde møte med plangruppa for gjensidig informasjon 7.02.02.

Med rektor hadde ein kort møte då skjema blei henta 7.03.02.
12.03.02 møte med alle lærarar og rektor.

* Dokumentanalyse

Vurderingsrettleiarane analyserte verksemdsplan, halvårsplanar, arbeidsplanar/vekeplanar

* Spørjeskjema

Vurderingsretteleiarane laga "påstandsskjema" som gjekk på tilpassa opplæring til lærar. Dette blei utfylt både av klassestyrarar og timelærarar som arbeider på u.trinnet.

Vurderingsretteleiarane laga "påstandsskjema" som gjekk på tilpassa opplæring til elevane. Dette fylte alle elevane på u.trinnet ut.

Påstandsskjema blei sende til skulen. Leiing og lærarar gjekk gjennom dei og kom med framlegg til endringar. Desse blei tekne til fylgje før bruk.

Skjema blei oppsummerte og la grunnlag for intervju.

* Intervju

Vurderingsgruppa hadde intervju med elevar og lærarar.

9.klasse har 9 elevar. Her valde v.g. at heile klassen skulle intervjuast.

Frå 8. og 10. klasse blei tilfeldig valde grupper på fire elevar intervjuet.

Klassestyrarane – fire lærarar – blei intervjuet i gruppe. Seks andre lærarar

blei intervjuet i ei gruppe.

7) VIKTIGE MOMENT SOM KOM FRAM

Vurderingsretteleiarane har opplevd møte med Granvin skule som positivt. Det gjeld elevar, lærarar og leiing. Som utanforståande opplever vi at det er ein god tone mellom lærarar og elevar. Elevane var høflege og greie når dei møtte til intervju.

a) Organisering av tilpassa opplæring:

Ressursane blir nytta fleksibelt

- store klassar delt
- gruppedeling
- einetimar
- ressursane blir omfordelte i skuleåret etter behov

b) Studietid

Studietid vil seia skuletid der elevane sjølve prioriterer kva dei vil arbeida med ut frå arbeidsplan for veka.

8. klasse disponerer 1.-3. time kvar onsdag til dette, 9. og 10. klasse har 1.-3. time onsdag og torsdag.

Studietid er udelt positiv. Mange av kvalitetskrava til tilpassa opplæring vert stetta.

c) Elevmedverknad i planleggjing og vurdering

Elevane meiner at dette er lite viktig. Dei meiner dei heller ikkje er med på det.

Lærarane meiner det er viktig, og at elevane er med på det av og til.

d) Elevbedrifter

Elevane på ungdomstunnet kan velja mellom fleire elevbedrifter. Dette er også ei undervisningsform som stettar mange av krava ein set til tilpassa undervisning.

d) Arbeidsplanar/vekeplanar

Når det gjeld arbeidsplanar vil vi gi skulen ei utfordring. Dette er eit av skulen sine dokument ut mot nærmiljøet. Dei skal lesast av mellom anna foreldra. Då må dei gi litt meir informasjon enn berre opprømsing av oppgåver som skal gjerast.

Er det til dømes mogleg at heile ungdomsskulen har same mal for arbeidsplanen ?

